

Protokoll frå styremøte i Helse Vest RHF

Tid: 01.02.2012
Møtestad: Clarion Hotell Admiral, Bergen

Styremøtet var ope for publikum og presse

Deltakarar frå styret

Oddvard Nilsen	Styreleiar
Aud Berit Alsaker Haynes	Nestleiar
Torill Selsvold Nyborg	Medlem
Reidun Nyborg Johansen	Medlem
Gunnar Berge	Medlem
Lise Karin Strømme	Medlem
Aslaug Husa	Medlem
Sveinung Stensland	Medlem
Kjartan Longva	Medlem
Tom Guldhav	Medlem
Gerd Dvergsdal	Medlem
Ohene Aboagye	Medlem
Olin Johanne Henden	Medlem

Forfall frå styret

Deltakarar frå administrasjonen:

Administrerende direktør Herlof Nilssen
Fagdirektør Baard-Christian Schem
Eigardirektør Ivar Eriksen
Økonomi- og finansdirektør Per Karlsen
Personal- og organisasjonsdirektør Hilde Christiansen
Kommunikasjonsdirektør Bente Aae
Torunn Nilsen referent

Sakliste

001/12 B	Godkjenning av innkalling og dagsorden
002/12 B	Protokoll frå styremøte i Helse Vest RHF 01.12.2011
003/12 O	Administrerande direktør si orientering
004/12 B	Rapportering frå verksemda per november 2011
005/12 B	Konsernbudsjett 2012 og justering av inntektsramma til helseføretaka
006/12 B	Budsjett 2012 for Helse Vest RHF - administrasjonen
007/12 B	Oppdragsdokument til Helse Vest RHF 2012
008/12 B	Årsplan for styret i Helse Vest RHF 2012
009/12 B	Samansetting av regionalt brukarutval
010/12 B	Val av styre i underliggjande helseføretak
011/12 B	Framtidig fødetilbod i indre Sogn - sluttbehandling
012/12 B	Utviklinga av tilbodet til barn og unge innan psykisk helsevern i 2011
013/12 B	Høyring - NOU 2011 9 Økt selvbestemmelse og rettssikkerhet
014/12 O	Sluttrapport Felles EPJ Programmet
015/12 B	Sal av bustader i Friggsvei 31, 33 og 37 – Helse Fonna HF
016/12 B	Budsjett og revisjonsplan for internrevisjonen, 2012
017/12 B	Årsrapport for revisjonskomite og internrevisjon 2011
018/12	Eventuelt

Lukka del

U.Off jf. Offl. § 14

019/12 B	Utredning vedrørende organiseringen av ortopediske hjelpemidler og høreapparater
----------	--

Presentasjon av private ideelle institusjonar

Inger Johanne Nedreaas Haukedal, direktør ved Solli DPS, orienterte om private ideelle institusjonar i helseregion vest.

Lysark er sendt ut til styret.

001/12 B Godkjenning av innkalling og dagsorden

Nye styremedlemmer:

Styreleiar ønskte dei nye styremedlemmene Sveinung Stensland og Olin Johanne Henden velkommen i styret.

Forfall:

Det var ingen forfall til møtet.

Styreleiar orienterte om at følgjande dokument var delt ut i møtet:

Til sak 009/12 B Samansetting av regionalt brukarutval:

- Uttale frå det regionale brukarutvalet i Helse Vest til styresak 009/12 B

- Uttale frå brukarrepresentant Else Berit Ingvaldsen, SAFO, til styresak 009/12 B Samansetting av regionalt brukarutval
- Brev til Styret i Helse Vest RHF frå SAFO Vest, dagsett 270112 – Re: styresaker 02/12 og 58/11 i Regionalt Brukarutval, «Om Samansetting av Regionalt Brukarutval»
- Brev til Helse Vest RHF frå Kreftforeningen Vestlandet, dagsett 310112 – Vedrørende sak 009/12 Samansetting av brukarutval

Til sak 010/12 B Val av styre i underliggjande helseføretak:

- Oversikt over noverande styre og forslag til nye styre med oversikt over politisk og geografisk fordeling.

Styreleiar orienterte om at det var 1 nytt pkt på AD si orientering:

Pkt 7 – Det stormar i vest

Bjørn Morten Øen frå Helse Førde HF, orienterar om beredskapen i samband med ekstremveret i Sogn og Fjordane i romjula.

Lukka del:

Styreleiar orienterte om at møtet blir lukka under sak 019/12 B Utredning vedrørende organiseringen av ortopediske hjelpemidler og høreapparater jf. Offentleglova § 14.

Eventuelt:

Dokument 3.2 frå Riksrevisjonen – leiarlønsutvikling i Helse Vest (TSN)

Vedtak (samrøystes)

Det var ingen merknader til innkalling og dagsorden.

002/12 B Protokoll frå styremøte i Helse Vest RHF 07.12.2011

Vedtak (samrøystes)

Styret godkjende og underteikna protokollen frå styremøte 7. desember 2011.

003/11 O Administrerande direktør si orientering

1. Oversikt over born fødd av kvinner i LAR i 2011

Helsedirektoratet kom den 2. mai 2011 ut med ei nasjonal retningsline for gravide i legemiddelassistert rehabilitering (LAR) og oppfølging av familiane fram til barnet når skulealder (IS 1876). I denne blir dei regionale helseføretaka råda til å peike ut eit fåtal sjukehus som kan ta imot fødande kvinner i LAR og andre kvinner der ein kan forvente abstinensar hos den nyfødde.

Etter ei samla vurdering der mellom anna medisinsk kompetanse og nærleik til tenestene vart vektlagd, peika Helse Vest RHF i brev dagsett 22. august 2011 ut følgjande sjukehus i regionen til å ta imot fødande kvinner i LAR og andre kvinner der ein kan forvente abstinensar hos den nyfødde:

- Haukeland Universitetssjukehus
- Stavanger Universitetssjukehus
- Haugesund Sjukehus

For 2011 kan disse sjukehusa vise til følgjande tal:

	Barn fødd av kvinner i LAR	Barn fødd med abstinens
Haukeland Universitetssjukehus	2	1
Stavanger Universitetssjukehus	4	3
Haugesund Sjukehus	6	7

Tal for barn fødd med abstinens gjeld alle barn, også barn fødd av kvinner i LAR.

Komplette tal for regionen som eit heile vert samla inn og formidla gjennom Medisinsk fødselsregister (MFR). Registeret har no berre tal å vise til for 2009. Tal for 2010 vert venta i slutten av februar 2012.

2. Orientering om status i arbeidet med Samhandlingsreforma

I løpet av februar vil Helse Bergen, Helse Fonna og Helse Førde ha styrebehandla lovpålagde samarbeidsavtaler med kommunane. I Helse Stavanger er 3 av 4 delavtaler klare. Avtalepunkt om tidspunkt for varslings av utskrivingsklare pasientar gjenstår. Avtalene er gjennomgått på RHF-et for å sikre at avtalene er dekkande.

3. Revisjonskomite

Styret utpeikte i styremøte 18. februar 2010 følgjande revisjonskomitè

- Gisle Handeland, leiar
- Gro Skartveit
- Reidun Johansen

Revisjonskomitèen skal ha tre medlemmer som blir valde blant medlemmene i styret. Minst ein av medlemmene skal ha kompetanse innan rekneskap eller revisjon.

Medlemmene av revisjonskomiteen blir utpeikt for to år om gangen, og uavhengig av utfallet av sak om val av nytt styre for Helse Vest RHF i føretaksmøte 31. januar 2012, må det no utpeikast ny revisjonskomitè for den komande toårsperiode.

Det er ikkje planlagt for møte i revisjonskomitèen i perioden fram til neste styremøtet, og administrerende direktør vil derfor førebu sak om val av revisjonskomitè til styremøte 7. mars 2012.

4. Rapportering tilsynssaker

Administrasjonen viste til utsendt notat.

5. Orientering om relevante lover, forskrifter og myndigheitskrav i perioden

Administrasjonen viste til utsendt notat.

6. Oversikt over aktuelle høyringar

Administrasjonen viste til utsendt notat.

7. Det stormar i vest

Bjørn Morten Øen frå Helse Førde HF orienterte om beredskapsarbeidet i Helse Førde i samband med ekstremveret i Sogn og Fjordane i romjula.

Lysark er sendt ut til styret.

Vedtak (samrøystes)

Styret tok meldingane til orientering.

004/12 B Rapportering frå verksemda per november 2011

Oppsummering

Aktivitetsnivået innan somatiske sektor er høgare enn til same tid i 2010, medan aktiviteten i hovudsak er noko lågare innan psykisk helsevern.

Samla for alle føretak og alle fagområde er det kortare ventetid for behandla pasientar i november enn i oktober 2011 og lågare ventetid i november 2011 enn same tid i 2010. Samla for føretaksgruppa er det noko færre fristbrot men utviklinga med å fjerna fristbrota går ikkje så fort som ønskjeleg.

Det er ei positiv utvikling i talet på korridorpasientar innan somatikk, men det er fortsatt høge tal i Helse Bergen og Helse Stavanger. Innan psykisk helsevern er tala låge, men det er fortsett noko bruk av korridorpassar i Helse Stavanger.

Akkumulert økonomisk resultat etter elleve månader er kr 299,2 mill som er kr 101,3 mill betre enn budsjettet. Justert for reserve er resultatet kr 241,7 mill betre enn budsjettet.

Per november var det samla sjukefråværet på 7,0 % og eit sjukemeldt sjukefråvær på 5,8 %.

Vedtak (samrøystes)

Styret tok rapportering frå verksemda per 30. november 2011 til etterretning.

005/12 B Konsernbudsjett 2012 og justering av inntektsramma til helseføretaka

Oppsummering

Styret Helse Vest ved behandla i møtet den 7. desember 2011 sak 136/11 B Inntektsfordeling 2012 og resultatkrav 2012. Det vart fastsett følgjande inntektsramme og resultatkrav for 2012:

Resultatkrav

Forslag til resultatkrav 2012	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	Sjukehus Apoteka	Helse Vest IKT	Helse Vest RHF	TOTAL
Resultatkrav 2012	50 000	0	180 000	-40 000	15 000	1 000	40 000	246 000

Helseføretaka har med basis i inntektsramma 2012 behandla og vedtatt sine budsjett for 2012 i dei respektive styra. Helse Vest legg med basis i desse vedtaka fram sak om konsernbudsjett 2012 samt investeringsbudsjett og likviditetsbudsjett.

Denne saka vil og ta opp i seg endringar i inntektsramma som følgjer av oppdragsdokumentet frå eigar og som ikkje var innarbeida i sak om inntektsfordeling 2012.

I tillegg vil det bli gjort fordeling av budsjettpostar som ikkje var tatt omsyn til under sak 136/11 B.

Helse Bergen har i etterkant av si styrebehandling av budsjett 2012 søkt om å få redusert resultatkravet frå kr 180 mill. til kr 167 mill. Det blir her vist til pkt. 5 lenger ned i saka for nærmare utgreiing og tilråding frå administrerande direktør.

Vedtak (samrøystes)

1. Konsernbudsjett 2012 for føretaksgruppa Helse Vest blei vedtatt med følgjande resultatbudsjett for føretaka:

Forslag til resultatkrav 2012	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	Sjukehus Apoteka	Helse Vest IKT	Helse Vest RHF	TOTAL
Resultatkrav 2012	50 000	0	167 000	-40 000	13 900	1 000	40 000	231 900

2. Inntektsramma som blei vedtatt under sak 136/11 B blir justert i tråd med endringane som følgjer av tabellen under:

	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	Helse Vest RHF	SUM
Inntektsramme 2012 sak 136/11 B	4 615 819	2 539 805	7 609 682	2 029 653	3 089 402	19 884 361
Endringar inntektsramme frå staten:						
Forskning og medisinske kompetansesentra					8	8
fysioterapeutar					316	316
Utviklingsområde innafor psykisk helsevern og rus					-557	-557
Tilskot til helse- og rehabiliteringstenester for sjukemelde					3 383	3 383
Klinisk multisenterstudie ME					2 000	2 000
						0
Endringar i inntektsfordelinga til HF-a:						
Pasientreiser - transaksjostunge oppgåver	1 278	1 678	1 413	2 426	-6 795	0
Kjøp av gjesteplassar psykiatri - Modum Bad	4 828	2 496	6 194	1 482	-15 000	0
						0
Mindre tekniske endringar:						
Rusmeistringseining ved fengsla i Stavanger og Bergen	9		9		-18	0
Etablering av soningseining for dei under 18 år			11		-11	0
Narkotikaprogram med domstolskontroll			137		-137	0
Narkotikaprogram med domstolskontroll - dobbelført			-856		856	0
						0
Sum endringar	6 115	4 174	6 908	3 908	-15 955	5 150
Oppdatert inntektsramme 2012	4 621 934	2 543 979	7 616 590	2 033 561	3 073 447	19 889 511

3. Investeringsbudsjettet for 2012 blei fastsett som følgjer:

Beløp i heile tusen kroner	Stavanger	Fonna	Bergen	Førde	Apoteka	IKT	RHF	TOTAL
Bygg - tilgjengelig ramme	211 000	44 400	594 000	22 000				871 400
Medisinteknisk utstyr	155 000	31 500	111 000	15 812				313 312
IKT						220 000		220 000
Anna	42 100	7 100	103 800	60 263	15 406			228 669
Sum investeringar 2012	408 100	83 000	808 800	98 075	15 406	220 000	0	1 633 381

Det kan bli aktuelt å justere investeringsbudsjettet etter at resultatet for 2011 er fastsett. Dette må i så fall skje innafor gjeldande investeringsregime og behandlast av styret i dei respektive føretaka.

Helse Stavanger får tildelt internt lån på kr 90 mill. til gjennomføring av investeringsplanen i 2012. Renter og nedbetalingstid skal fastsetast i tråd med det dei føringane som tidlegare er gitt ved tildeling av interne lån.

4. Administrerande direktør kan foreta nødvendige omdisponeringar av budsjettpostane innafor den totale budsjettamma.
5. Styret ber helseføretaka om å avdekke alle risikoområde for å nå resultatkravet og sørge for at det er sett i verk tiltak med tilstrekkeleg omfang, med god kvalitet og at tiltaka er fordelt ned på lågaste nivå med ansvarleg leiar.

006/12 B Budsjett 2012 for Helse Vest RHF - administrasjonen

Oppsummering

Forslaget til administrasjonsbudsjettet for 2012 syner ei auka ramma i høve til kostnadsramma som blei vedtatt under styresak 136/11 Inntektsfordeling 2012. Auka skuldast at det er lagt inn tre nye årsverk i budsjettet.

Vedtak (samrøystes)

Styret vedtok budsjett 2012 for administrasjonen til Helse Vest RHF.

007/12 B Oppdragsdokument til Helse Vest RHF 2012

Oppsummering

Endeleg oppdragsdokument for 2012 var oversendt frå Helse- og omsorgsdepartementet ved e-post den 13. januar 2012

Vedtak (samrøystes)

Styret tok oppdragsdokumentet for 2012 til etterretning.

008/12 B Årsplan for styret i Helse vest RHF 2012

Oppsummering

Lagd ved denne saka var utkast til årsplan for styret i Helse Vest RHF for 2012. Årsplan er eit nyttig verktøy for å skape oversikt, strukturere styrearbeidet og prioritere tida slik at dei rette og viktige saken får breiast plass.

Vedtak (samrøystes)

Styret i Helse Vest RHF slutta seg til årsplanen for 2012

009/12 B Samansetting av regionalt brukarutval

Oppsummering

I Styresak 123/11 B foreslo administrerende direktør ei ny samansetting av det regionale brukarutvalet i Helse Vest der rus og kreftområdet blei foreslått gitt eigen representasjon. Brukarutvalet i Helse Vest meinte at det ikkje hadde vore gjennomført ein tilstrekkelig formell dialog i saka, og styret i Helse Vest beslutta derfor å utsetje saka til formell dialog var gjennomført. Helse Vest har gjennomført to dialogmøter med representantar frå brukarutvalet. Utvalet stiller seg bak forslaga til endringar i samansetting, med unntak frå representanten frå SAFO som ikkje sluttar seg til at representasjonen frå SAFO blir justert ned frå 2 til 1 representant. Dei føreslegne endringane består i at rus- og kreftområdet får ein fast representant kvar i brukarutvalet. For å sikre representasjon frå etniske minoritetar skal det stillast tydelig krav om slik representasjon frå organisasjonane. Ein av SAFO sine to plassar i utvalet i dag blir overført til dei nye fagområda som skal representerast. I tillegg blir brukarutvalet utvida med ein representant.

Følgjande dokument var delt ut i møtet:

- Uttale frå det regionale brukarutvalet i Helse Vest til styresak 009/12 B
- Uttale frå brukarrepresentant Else Berit Ingvaldsen, SAFO, til styresak 009/12 B Samansetting av regionalt brukarutval
- Brev til Styret i Helse Vest RHF frå SAFO Vest, dagsett 270112 – Re: styresaker 02/12 og 58/11 i Regionalt Brukarutval, «Om Samansetting av Regionalt Brukarutval»
- Brev til Helse Vest RHF frå Kreftforeningen Vestlandet, dagsett 310112 – Vedrørende sak 009/12 Samansetting av brukarutval

Vedtak (samrøystes)

Styret i Helse Vest slutta seg til dei føreslegne endringane i samansetning av regionalt brukarutval og dei endringane dette medfører for retningslinjene for regionalt brukarutval. Endringane blir sett i verk med val av nytt brukarutval i 2012

010/12 B Val av nye styre i underliggjande helseføretak

Oppsummering

Nye styre i helseføretaka i Helse Vest skal vere oppnemnde innan utgongen av februar 2012. Styra skal i tråd med vedtektene ha sju eigaroppnemnde styremedlemmer. Av desse skal fire medlemmer veljast blant føreslåtte folkevalde kandidatar. Det er gjennomført ein prosess i tråd med dei føringar som er gitt av styret ved behandling av sak 108/11, og kommunar og fylkeskommunar i regionen har vore inviterte til å foreslå aktuelle kandidatar.

Endeleg oppnemning av nye styre skjer i føretaksmøte i helseføretaka. Innkalling vil gå ut til helseføretaka rett etter styremøte.

Vedtak (samrøystes)

1. Det blir gjennomført føretaksmøte i Helse Førde HF, Helse Bergen HF, Helse Fonna HF, Helse Stavanger HF og Sjukehusapoteka Vest HF for val av nye styre.
2. Som representantar til styret i Helse Førde blir følgjande personar oppnemnd:
Styreleiar, Jorunn Ringstad
Nestleiar, Knut C. Schønberg
Styremedlem, Trude Brosvik
Styremedlem, Anni Felde
Styremedlem, Harry Mowatt
Styremedlem, Liv Stave
Styremedlem, Helge Bryne
3. Som representantar til styret i Helse Bergen HF blir følgjande personar oppnemnd:
Styreleiar, Ranveig Frøyland
Nestleiar, Sigurd Hille
Styremedlem, Liv Røsseland
Styremedlem, Oddny Miljeteig
Styremedlem, Signy Midtbø Riisnes
Styremedlem, Gisle Handeland
Styremedlem, Ivar Eriksen
4. Som representantar til styret i Helse Fonna HF blir følgjande personar oppnemnd:
Styreleiar, Kjell Arvid Svendsen
Nestleiar, Inge Reidar Kallevåg
Styremedlem, Harry Herstad
Styremedlem, Hege H. Liland
Styremedlem, Lillian Andreassen
Styremedlem, Gunnar Birkeland
Styremedlem, Hilde Christiansen

5. Som representantar til styret i Helse Stavanger HF blir følgjande personar oppnemnd:
Styreleiar, Per Endre Bjørnevik
Nestleiar, Aslaug Mikkelsen
Styremedlem, Jan Friestad
Styremedlem, Gro Skartveit
Styremedlem, Karen Irene Stangeland
Styremedlem, John Peter Hernes
Styremedlem, Ivar Eriksen
6. Som representantar til styret i Sjukehusapoteka Vest HF blir følgjande personar oppnemnd:
Styreleiar, Ragnhild Osmundsen
Nestleiar, Clara Øberg
Styremedlem, Wenche Haffnes Andersen
Styremedlem, Kjetil Hustoft
Styremedlem, Lisbeth Karin Nærø
Styremedlem, Odd Søreide
Styremedlem, Per Karlsen

011/12 B Framtidig fødetilbod i indre Sogn - sluttbehandling

Oppsummering

Styret i Helse Førde HF meiner at grunnlaget for eit føreseieleg og robust fødetilbod i Lærdal ikkje er til stades slik som det er lagt til grunn i føretaksprotokoll av 4. mai 2011, og tilrådingar frå Helsedirektoratet i rettleiaren; *Et trygt fødetilbud - Kvalitetskrav til fødselsomsorgen.*

Helse Førde ønskjer at det snarast vert etablert eit poliklinisk tilbod for gravide i Lærdal som inkluderer følgjeteneste, og eit barseltilbod ved sjukehuset.

Helse Vest RHF tilrår at den forsterka fødestova i Lærdal blir erstatta med eit poliklinisk tilbod for gravide som inkluderer følgjeteneste, og eit barseltilbod ved sjukehuset. Dette er i tråd med vedtak i styret for Helse Vest RHF, føretaksprotokollen til Helse Førde og *Kvalitetskrav til fødselsomsorgen.*

Styremedlem Tom Guldhav meldte seg inhabil i saka. Styret godkjente dette og Tom Guldhav fratro behandlinga av saka.

Vedtak (samrøystes)

1. Den forsterka fødestova i Lærdal blir erstatta med eit poliklinisk tilbod for gravide som inkluderer følgjeteneste, og eit barseltilbod ved sjukehuset. Dette er i tråd med vedtak i styret for Helse Vest RHF i sak 123/10B og føretaksmøte for Helse Førde HF 4. mai 2011.
2. Det er allereie nedsett ei arbeidsgruppe med representantar frå Helse Førde HF, Lærdal sjukehus, kommunane og tillitsvalde med mandat til å utforme innhaldet i framtidas helsetilbod til gravide, fødande og barselkvinner i indre Sogn. Helse Bergen HF og representant frå brukarar skal inkluderast i det vidare arbeidet.

3. Arbeidet skal vere slutført innan 30. juni 2012, i tråd med kravet i Nasjonal rettleiar (*Samhandlingsreformen - Lovpålagte samarbeidsavtaler mellom kommuner og regionale helseforetak/helseforetak*).

012/12 B Utviklinga av tilbodet til barn og unge innan psykisk helsevern i 2011

Oppsummering

Styresaka gjer greie for status vedrørende ventetider og fristbrot innan psykisk helsevern for barn og unge 0-17 år for 2011. Data i saka er henta inn frå helsefagkuben og Norsk Pasientregister.

Det er innhenta opplysningar frå SAMDATA rapporten 2010 når det gjeld aktivitet/produktivitet og årsverk.

I samband med tilsynssak mot Helse Vest RHF i brev av 30.8 2011, har helseføretaka gitt opplysningar om kva tiltak som er sett i verk for redusere ventetider og unngå fristbrot. Desse opplysningane er tatt med i styresaka.

Det har i hovudsak vore ei positiv utvikling i Helse Vest i 2011. Gjennomsnittleg ventetid for prioriterte pasientar i psykisk helsevern for barn og unge er redusert i tre av helseføretaka, i Helse Bergen vart ventetida uendra. Helse Førde og Helse Stavanger har dei lågaste ventetidene med 40 dagar for dei med prioritet, medan Helse Fonna har 84 dagar.

Det er grunn til framleis å følgje utviklinga, spesielt i Helse Fonna. Det må framleis vere fokus på rekruttering av nok behandlarar og på organisering av tenesta slik at ventetider blir redusert og fristbrot ikkje skjer.

Vedtak (samrøystes)

1. Styret tok til orientering at det har vore ei positiv utvikling i alle helseføretaka når det gjeld ventetid til behandling for barn og unge innan psykisk helsevern i 2011.
2. Styret er likevel ikkje nøgd med prosentdelen fristbrot og lang ventetid til behandling i Helse Fonna. Arbeidet med å få ned prosentdelen fristbrot og dei lange ventetidene må ha høg prioritet.
3. Helseføretaka må framleis ha fokus på å tilføre psykisk helsevern for barn og unge nødvendig behandlarkapasitet og kompetanse, og sikre ei effektiv utnytting av ressursane.

013/12 B Høyring - NOU 2011: 9 «Økt selvbestemmelse og rettssikkerhet.

Oppsummering

Helse- og omsorgsdepartementet har sendt på høyring NOU 2011: 9 "Økt selvbestemmelse og rettssikkerhet. Balansegangen mellom selvbestemmelsesrett og omsorgsansvar i psykisk helsevern".

Formålet med utgreiinga er å styrkje sjølvråderetten og rettstryggleiken til menneskje med alvorlege psykiske lidingar, samstundes å førebyggje og avgrense bruk av tvang.

Helse Vest RHF har henta inn synspunkt frå helseføretaka. Helse Bergen og Helse Fonna har gitt tilbakemelding.

Forslag til uttale frå Helse Vest er tatt inn i saksframlegget.

Vedtak (samrøystes)

Helse Vest RHF gir uttale til NOU 2011: 9 «Økt selvbestemmelse og rettsikkerhet. Balansegangen mellom selvbestemmelse og omsorgsansvar i psykisk helsevern», i tråd med forslag tatt inn i saksframlegget.

014/12 O Sluttrapport Felles EPJ Programmet

Oppsummering

Felles EPJ-programmet (Elektronisk pasientjournal) vart etablert 4. februar 2008. Programmet Felles EPJ var Helse Vest sitt initiativ for å oppgradere dåverande ulike EPJ til ei felles regional EPJ-plattform som kunne utgjere plattformen for framtidens løysningar for elektronisk handsaming av pasientopplysningar enten det gjaldt internt i helseføretaka, mellom helseføretaka og mellom helseføretaka og samarbeidande partar.

Ei sentral oppgåve for programmet har vore å ta i bruk DIPS som kjernesystem for PAS/EPJ i Helse Vest, jamfør kontrakten med DIPS om Felles EPJ. Programmet har også omfatta liknande prosjekt knytt til realiseringa av Felles EPJ i regionen.

Vedtak (samrøystes)

Styret tok sluttrapporteringa frå Felles EPJ-programmet til orientering.

015/12 B Sal av bustader i Friggsvei 31, 33 og 37 – Helse Fonna HF

Oppsummering

Helse Fonna HF ønskjer å selje tre bustader i Friggsvei i Haugesund. Behovet for denne type bustad har dei seinare år blitt redusert. To av bustadane står for tida tomme og den eine krev omfattande vedlikehald og oppgradering. Ettersom det er avstand mellom bustadane og sjukehuset er dei også mindre aktuelle med tanke på kortidsleige. Administrerende direktør tilrår i saka at det blir gitt tilslutning til sal av eigedomane.

Vedtak (samrøystes)

1. Styret slutta seg til sal av bustadane Friggsvei 31, 33 og 37, gnr 34 bnr 5 i Haugesund kommune i tråd med vedtak gjort av styret i Helse Fonna HF i styremøte 21. desember 2012.
2. Styret føreset at eigedomane blir lagt ut for sal på den opne marknaden.
3. Det blir gjennomført føretaksmøte i Helse Fonna HF for endeleg godkjenning av sal av bustadane.

016/12 B Budsjett og revisjonsplan for internrevisjonen 2012

Oppsummering

I denne saka ligg det forslag til budsjett for 2012, forslag til auke av stillingsramma frå 2 til 3 tilsette, og ei orientering om revisjonsplanlegging/-prosjekt i 2012.

Vedtak (samrøystes)

Styret godkjenner budsjett og revisjonsplan for internrevisjon 2012.

017/12 B Årsrapport for Revisjonskomite og internrevisjon 2011

Oppsummering

Etter instruks skal komiteen og internrevisjonen framlegga ein slik rapport, og den er som tidlegare år samla i eit felles dokument. Det er styret i Helse Vest RHF som skal godkjenne rapporten.

Vedtak (samrøystes)

Styret godkjenner årsrapport 2011 for revisjonskomiteen og internrevisjonen

018/12 Eventuelt

Dokument 3.2 frå Riksrevisjonen – leiarlønsutvikling i Helse Vest (TSN)

Regulering av løn for AD-ar i HF og RHF dette har vore koordinert og i samsvar med gjeldande retningslinjer. RHF styreleiar har hatt dialog med styreleiar i HF-a. Lønsregulering blir fastsett etter nasjonalt lønsoppgjer. Administrerende direktør kjem tilbake med eit notat som gjer greie for korleis dette er handtert i Helse Vest til neste styremøte.

Skriv og Meldingar

Følgjande skriv og meldingar var sendt ut til styret:

Brev frå Helse Vest RHF til HOD, dagsett 020112 – Rapportering frå Helse Vest RHF per 30. november 2011

Brev frå HOD til Helse Vest RHF, dagsett 211211 -
Informasjon om gjennomføringen av samhandlingsreformen

Brev frå Helse Fonna HF til Helsetilsynet i Hordaland, dagsett 030112 – Samarbeid og logistikk ved innlegging av akutte nevrologiske/nevrokirurgiske tilstander

Kopi av brev frå Fylkesmannen i Hordaland til Helse Fonna HF, dagsett 120112 – Oversending av rapport frå tilsyn med Helse Fonna HF, klinikk for psykisk helsevern, Karmøy DPS 8. og 9. desember 2011

Kopi av brev frå Helsetilsynet i Hordaland til Helse Fonna HF, dagsett 201211 – Oversending av rapport frå tilsyn med Helse Fonna HF, Kirurgisk klinikk, Ortopedisk seksjon, Haugesund sjukehus 14. og 15. november 2011

Kopi av brev frå Fylkesmannen i Rogaland til Haugesund Sanitetsforenings Revmatismesykehus, dagsett 030112 – Oppfølging etter tilsyn med Haugesund Sanitetsforenings Revmatismesykehus

Kopi av brev frå Helsetilsynet i Hordaland til Helse Bergen HF, dagsett 301111- Oversending av rapport frå tilsyn med Helse Bergen HF, Ortopedisk klinikk, Haukeland Universitetssjukehus 8. og 9. november 2011

Kopi av brev frå Helsetilsynet i Nord-Trøndelag til ML-Klinikken AS, dagsett 291111– Oversendelse av rapport fra tilsyn med tverrfaglig spesialiserte tjenester til rusmiddelmissbrukere ved ML-Klinikken

Brev frå Helsetilsynet i Hordaland til Helse Vest RHF, dagsett 281111 – Tilsyn med spesialisthelsetenester 2011 – behandling av eldre med hjerneslag

Kopi av brev frå Nordfjordsrådet, dagsett 161211 – Ønskje om orientering til Nordfjordsrådet frå Helse Førde/Helse Vest RHF 121211

Brev frå Helse Førde HF til Helse Vest RHF, dagsett 141211 – Vedrørande spørsmål om jordmorstyrt fødestove ved Nordfjord sjukehus

Brev frå Årdal kommune til Helse Vest RHF, dagsett 160112 – Vedrørande jordmorstyrt fødestove ved Lærdal sjukehus

Lukka del

U.Off jf. Offl. § 14

019/12 B Utredning vedrørende organiseringen av ortopediske hjelpemidler og høreapparater

Oppsummering

Ansvar og oppgåvene relatert til anskaffing, søknadsbehandling, utgreiing, tilpassing og finansiering av høyreapparat og ortopediske hjelpemiddel er i dag delt mellom dei regionale helseføretaka og NAV. Området for ortopediske hjelpemiddel inkluderer også brystprotesar, ansiktsdefektprotesar, augeprotesar, parykkar, fottøy og prefabrikkert overekstremitetsortoser.

Oppgåvene som eventuelt kan overførast frå NAV til dei regionale helseføretaka omfattar avtaleinngåing, forvaltning av regelverk, eventuell søknadsbehandling og oppgjør.

I 2010 var kostnadane 951 mnok for ortopediske hjelpemiddel og 493 mnok for høyreapparat. Det er estimert at utgiftene vil auke 80-100 % for ortopediske hjelpemiddel og 65-70 % for høyreapparat frem mot 2022. Styresaka er felles i alle RHF.

Vedtak (samrøystes)

1. Styret tok utgreiinga til orientering.

2. Styret ba om at dei fire regionale helseføretaka oversender den likelydande styresaka til Helse – og omsorgsdepartementet.

Ref. Torunn Nilsen
01.02.2011

Oddvard Nilsen
Styreleiar

Aud Berit Alsaker Haynes
Nestleiar

Ohene Aboagye

Gunnar Berge

Gerd Dvergsdal

Sveinung Stensland

Torill Selsvold Nyborg

Olin Johanne Henden

Lise Karin Strømme

Tom Guldhav

Reidun Nyborg Johansen

Aslaug Husa

Kjartan Longva